



Høyringsutkast

# Berekraftig verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling  
2021-2033



Vestland  
fylkeskommune

# Innhald

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>4</b>
1.1 Utfordringar og moglegheiter.....	5
1.2 Framtidas arbeidsplassar .....	6
1.3 Hinder for utvikling.....	7
1.4 Framtidas eksportnæringer.....	8
1.5 Innanlandsmarknaden.....	8
<b>2 Visjon og mål .....</b>	<b>10</b>
<b>3 Satsingar .....</b>	<b>12</b>
3.1 Tema som gjeld alle satsingane .....	13
3.2 Grøn næringsutvikling.....	14
3.3 Innovative og inkluderande samfunn .....	15
3.4 Areal til næringsutvikling.....	17
<b>4 Frå plan til handling .....</b>	<b>20</b>
4.1 Handlingsprogram og årsplanar .....	20
4.2 Samarbeid og forpliktande partnarskap .....	20
4.3 Verktøy og verkemiddel.....	21
4.4 Verknad for miljø og samfunn .....	21
4.5 Avgrensing og kopling til andre planar.....	22
4.6 Resultatmåling og evaluering.....	23
<b>Definisjonar /Ordliste .....</b>	<b>24</b>

# Det er no vi skal skape framtidas arbeidsplassar!

Den store utfordringa i verda er eit klima i endring, men også stor sosial og økonomisk ulikskap. Vi er framleis midt i koronapandemien, og veit ikkje kva dette betyr for framtida. Oljeprisfallet vinteren 2019/20 var ein kraftig vekker. For Norge og Vestland fylke betyr dette først og fremst å arbeide endå hardare med «den store omstillinga» frå produksjon og distribusjon av fossilt brensel til noko vi enno ikkje heilt veit kva er.

Vestland er eit svært ressursrikt fylke, og nokre av framtidensnæringane er lette å få auge på. Andre er vanskelegare å sjå. I mange bransjar er vi verdsleiande, og det er avgjerande å nytte desse fortrinna i utvikling av nye produkt for marknader i endring. Vi må finne slektskapsband mellom dei beste næringane og næringsutøvarane, på tvers av etablerte bransjestrukturar, marknader, råvarer og produksjonsprosesser.

Fylkestinget har valt verdiane «kompetent», «open» og «modig» som skal danne retning for arbeidet i fylkeskommunen. Kanskje er det verdien «modig» som er viktigast for alle partnarane og innbyggjarane i det nye fylket i tida som kjem. Mot til å arbeide mot mål som synest langt borte, mot til å sjå løysingar der vi tidlegare såg problem. Mot til å sjå nye kombinasjonar av produkt og metodar, og sjå mot nye marknader. Mot til å fremme krav om endringar i rammevilkåra andsynes sentrale styresmakter når det er naudsynt.

Hausten 2020 har vi også sagt at vi må bli verdsmeister i samarbeid. Denne planen er eit resultat av at nesten 50 menneske frå mange ulike organisasjonar har arbeidd saman i arbeidsgrupper for å fremme synspunkt på omstilling, innovasjon, inkluderande samfunn, byen som motor, framtidas næringsareal, og felles verktøykasse. Vi skal halde fram med samarbeidet, men no for å realisere framtidas arbeidsplassar for eit kompetent og satsingsvillig folk; Vestlendingen!

# 1 Innleiing

Globalisering, demografiske endringar, urbanisering, digitalisering, klimaendringar og pandemi påverkar utviklinga i Vestland. Desse trendane grip inn i kvardagen til oss som bur her, dei påverkar næringslivet vårt, økonomien, miljøet og alt samfunnsliv. Dei tvingar også fram kortsiktige endringar og eit langsiktig behov for omstilling i næringsliv og samfunnsliv.

Vestland fylke og kommunane i Vestland har ei viktig rolle når det gjeld tilrettelegging for lokalt nærings- og samfunnsliv. Det skal no etablerast nye samarbeid, utviklast eit felles rammeverk, og leggjast til rette for gode, opne og føreseielege prosessar for verdiskaping og samfunnsutvikling. I dette arbeidet har Vestland fylkeskommune ei sentral rolle. Samfunnsoppdraget er å setja strategisk retning, engasjere og samhandle for å utvikla gode tenester og eit framtidsretta Vestland. Visjonen er å vera nyskapande og berekraftig. Dette er lagt til grunn for planarbeidet. Regionreforma har i tillegg gitt Vestland fylkeskommune ansvar for å

- gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
- mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Regional utvikling, verdiskaping og innovasjon krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Korleis vi samarbeider er også viktig for dei resultata vi når. Næringsutvikling kan vera krevjande, både når det gjeld finansiering, kapasitet og kompetanse. Gode resultat krev kunnskap og god koordinering frå fleire verkemiddelaktørar. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regionale- og distrikts-politiske måla blir nådde i større grad.

Dersom framtidig verdiskaping, eksportverdiar, arbeidsplassar og velstand skal sikrast og utviklast må alle gode krefter i næringsliv, det offentlege, akademia og samfunnsaktørar elles jobbe saman om innovasjon på tvers av verdikjeder.

Innhaldet og satsingsområda i planen er utvikla gjennom samarbeid og samhandling med næringsliv, arbeidsliv, FoU-institusjonar, kommunar og regionale statlege aktørar. Næringsforum Vestland har ein sentral rolle i dette samarbeidet. Dei har i fellesskap utarbeidd planen, og har også ansvar i oppfølginga av planen.

Medlemmer i Næringsforum Vestland er Innovasjon Noreg Vestland, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og den regionale representanten for Norges forskingsråd. Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling er leiar for forumet.

## 1.1 Utfordringar og moglegheiter

Vestland er det største eksportfylket i Noreg. Om lag 25 prosent av vasskrafta i landet vert produsert i vår region, og vi har fleire kunnskapsmiljø og teknologimiljø som er verdsleiane på sine område. Bergen har ein sterk posisjon som drivkraft for regionen – både regionalt, nasjonalt og ikkje minst internasjonalt. Langs kysten, i fjordane og i indre delar av fylket er det rike naturressursar, arbeidsplassar og verksemder som gir gode føresetnader å utvikla grøn konkurranseskraft og berekraftig verdiskaping.

Det som i dag er viktige næringar vil i stor grad framleis vere det. Fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor, prosessindustri, mineralutvinning og reiseliv er sterke bransjar som både har konkurranseskraft og gir ringverknader i den regionale- og nasjonale økonomien. Reiseliv, media og kulturbasert næringsliv er viktige næringar.

Landbruket har som si viktigaste oppgåve å produsere mat. Skogsdrifta bidrar positivt til klimaet, både som karbonlager og fornybar ressurs som kan erstatte meir klimabelastande alternativ. Næringa gjev i tillegg grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte, skjøttar kulturlandskap og bidreg til busetnad i heile fylket. Verdikjeder knytt til alle desse bransjene inneheld kunnskapsintensive, tenesteytande næringar og spesialiserte underleverandørar. Alt dette er eit godt utgangspunkt for å løysa det som på sikt er dei to store utfordringane for fylket:

- Få fart på den store omstillinga som skal gjere Vestland mindre oljeavhengig
- Sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket.


Den forventa nedgangen i olje og gass skaper eit eksportgap som må fyllast skal vi oppretthalde velferdsnivået i fylket og på landet elles. Kompetansen, teknologien og det internasjonale nettverket som er bygd opp etter fleire tiår med olje- og gassverksemd i Norge, er helt avgjerande for å drive fram teknologioverføring, utvikling og innovasjon både i etablert og nytt næringsliv. Utfordringa er å posisjonere næringslivet i Vestland i ein global marknad og byggje verdikjeder for å forsterke eksportnæringer og sikre auka verdiskaping. Det krev både større eksport frå eksisterande næringar og utvikling av nye eksportnæringer.

Det er ei overordna målsetting at heile fylket skal takast i bruk, og at alle skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga. Arbeidet skal vera relevant, samstundes som det bidrar til eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv. Dette er krevjande når delar av fylket er prega av nedgang i folketalet, aldring og spreidd busetnad. Då blir tilgangen på arbeidskraft med rett kompetanse ei stor utfordring for næringslivet i distrikta.

Eit godt samspel mellom senter og omland på alle nivå må til. Bergen og regionale sentra må fungere som ei drivkraft i seg sjølv, men også sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i distrikta. Det er distrikta som kjem til å leie an i det grøne skiftet. Det er i distrikta ein finn naturressursane, arbeidsplassane og bedriftene som gjer at vi skal bruke grøn konkurranseskraft og grøn næringsutvikling i alle ledd til å skape dei nye arbeidsplassane. Dette arbeidet er avhengig av rett kompetanse på riktig plass, og vi må skape synergiar og utvikling gjennom samarbeid på tvers av geografiske område og aktørar. Det må arbeidast målretta med å utbetra regionale og kommunale forskjellar på breiband-dekning og digital infrastruktur. God og relevant utdanning og kompetanse er naudsynt for at næringane våre skal vere konkurransedyktige internasjonalt.

## 1.2 Framtidas arbeidsplassar

Skal vestlandsk næringsliv bli meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Framtidsscenario for næringslivet i Vestland fram mot 2035 viser både kva vi bør jobbe med for å styrka verdiskapinga i fylket, og kva som kan skje dersom det eksportretta næringslivet ikkje klarar å tilpasse seg utviklinga med nye internasjonale krav og skjerpa konkurransen. Scenarioet viser at grøn omstilling og verdiskaping er heilt avgjerande for å lukkast. Figuren under viser dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for denne omstillinga.



Figur 1 Dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for omstillinga fylket står overfor.

(Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

Vestland har verdsleiane klyngemiljø og næringsalliansar som allereie har, og kan ta, ein leiande posisjon i det grøne skiftet. Næringslivet i Vestland bør bygge vidare på eksisterande verdikjeder knytt til olje og gass, sjømat, maritim og prosessindustri. Her har Vestland både naturgitte og kompetansemessige føresetnadnar. Elleve verdikjelder, inklusive sirkulære modellar og energisystem har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar. Av desse er særskilt havvind, hydrogen (blå og grøn), karbonfangst og -lagring (CCS) og løfta fram av EU og Noreg. Når det gjeld CCS er det sett i gang nasjonal satsing på mottaksanlegg for CO<sub>2</sub> ved Kollnes i Øygarden. Dette er ei del av Northern Lights-prosjektet for fullskala karbonfangst og -lagring, og omfattar transport, mottak og permanent lagring av CO<sub>2</sub> i eit reservoar i den nordlege delen av Nordsjøen.



Figur 2 Verdikjeder, inklusive sirkulære modellar og energisystem som har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdar (Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

## 1.3 Hinder for utvikling

Elektrifiseringa av Noreg er i gang og Vestland leier an. Det er varsle stor vekst i straumforbruket i Bergen og omland i planperioden. Ny landbasert industri og elektrifisering av sokkelen vil dobla forbruket i Bergen og omland i løpet av få år.

Manglande kapasitet i kraftnettet er på kort sikt det største hinderet for å få realisert desse planane. Utan oppgradering og fornying av kraftnettet vil det ikkje vera mogleg å etablere ny kraftkrevjande industri dei neste 5-10 åra.

Finn vi ikkje ei løysing på dette vil det føre til at vi tapar konkurransekraft, attraktivitet internasjonalt og at vi ikkje får sett i gang kritiske pilotprosjekt for berekraftig verdiskaping.



Figur 3 Varseltrekantane over viser dei største hindra for utvikling. (Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

## 1.4 Framtidas eksportnæringer

Vestland har sju næringar som er prega av internasjonal konkurranse. Dette er olje og gass, fornybar næring, maritim, marin, reiseliv, prosess- og verftsindustrien. Alle desse næringane kjem til å bli påverka av endra internasjonale rammevilkår som følgje av forsterka krav til berekraft, karbonnøytralitet, nullutslepp og klimatilpassing. Det er difor kritisk for Vestland at vi lukkast med å tilpasse og utvikle eksport-retta verdikjeder.

Dei fire eksportnæringerane; sjømat-næringa, maritim næring, prosessindustrien og fornybarnnæringa har allereie eit stort eksportvolum, og ei auke kan ha stor betydning for framtidig verdiskaping. Alle desse næringane har eit stort potensial i framtidas lågutsleppssamfunn fordi dei har høg produktivitet, stort eksportvolum og har gode moglegheiter for å kutte i klimagassutslepp. Fortrinna vert forsterka ved høgare internasjonal avgift på utslepp.

Kutt i klimagassutslepp krev auka elektrifisering, mellom anna på norsk sokkel. Det krev store kraftressursar og stor framføringskapasitet. Det er ei utfordring å unngå at dette hemmar anna, alternativ næringsutvikling basert på elektrisk kraft.

Delar av næringslivet i vårt fylke har eit forsprang på konkurrentane fordi dei allereie er i gang med å redusere utsleppa grunna relativt høge avgiftsnivå på klimagassar. Sjølv om utgangspunktet er betre for Vestland enn andre regionar, vil ein venta nedgang i olje og gass vere krevjande å møte. For å bøte på dette må næringslivet i Vestland førebu seg på å tette eksportgapet ved å skape nye verdiar gjennom auka eksport av varer og tenester med fokus på endra rammevilkår knytt til klima, miljø og berekraft.

## 1.5 Innanlandsmarknaden

Dei fleste i arbeidslivet arbeider i bedrifter som sel varer og tenester til ein lokal, regional eller nasjonal marknad, eller dei arbeider i offentleg sektor.

Landbruket er kanskje den næringa som har teke ut største effektiviseringsgevinstane siste åra, noko som har ført til færre bønder. Likevel har verdikjedane knytt til landbruket stor betydning for sysselsetjinga i Vestland. Daglegvarebransjen, bygg og anlegg er mellom dei aller viktigaste næringane i Norge med tanke på å halde hender i arbeid. Fleirtalet av dei sysselsette i reiselivet arbeider i ein lokal og nasjonal marknad.

Denne planen tek utgangspunkt i at vi skal halde fram med å stø utviklingsarbeidet i desse viktige næringane.

Offentleg sektor er på den eine sida ein forbrukar av midlar frå fellesskapet, men også ein vesentleg økonomisk faktor i form av store investeringar og innkjøp. Investeringar i vegar og anna infrastruktur, offentlege bygg, leveransar av varer tenester betyr mykje for ei rekke næringar. Denne innkjøpsmakta vil i større grad bli ein grøn innovasjonsdrivar for privat næringsliv, for på den måten motivere næringslivet til å utvikle nye berekraftige løysingar.

Kultur er også ein innsatsfaktor som skaper stor økonomisk aktivitet, mykje av denne aktiviteten er næringsverksemnd.

Samla er alle desse næringane ein stor del av verdiskapinga. Norge er ein liten marknad, og skal vi utvikle norsk økonomi, må vi bruke merksemd på dei næringane som har eit potensial internasjonalt. Desse kan vi skildre som «motorane» i verdiskapinga, akkurat som produksjon og distribusjon av olje og gass har vore avgjeraende for velstandsutviklinga vår.

Vestland er det fylket som produserer mest vasskraft. Fornybar energi blir ein nøkkel i planperioden. Planen har teke utgangspunkt i at vasskraft er kjend infrastruktur som ligg i botnen for mykje av det andre vi driv med.

# 2 Visjon og mål

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Hovudmål: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Måla er lagt til grunn i denne planen.

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping



Figur 4 Figuren illustrerer at samfunn og økonomi er innvevd i, og avhengig av, biosfæren. Når biosfæren er trua – gjennom menneskeskapte klimaendringar og tap av naturmangfold – må klima- og miljø veie tyngre og sjåast som ei føresetnad for sosial og økonomisk berekraft. (Azote Images for Stockholm Resilience Centre).

Satsingane denne planen definerer bidrar alle til å nå mål og strategiar i utviklingsplanen. Når det gjeld FN sine berekraftmål vil planen legge til rette for langsiktig og berekraftig verdiskaping, og særleg bidra til å nå dei økonomisk berekraftmåla

- 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 9. Industri innovasjon og infrastruktur
- 11. Bærekraftige byer og lokalsamfunn
- 12. Ansvarleg forbruk og produksjon
- 13. Stoppe klimaendringane
- 17. Samarbeid for å nå måla

Det likevel slik at alle berekraftsmåla og samspelet mellom miljø, samfunn og den økonomiske utviklinga er avgjerande for samfunnsutvikling og økonomisk vekst.


# 3 Satsingar

For at Vestland skal bli det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon har vi tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal til næringsutvikling

Satsingane i planen gjeld for alle bransjane, men for å fylle eit forventa framtidig eksport- og verdiskapingsgap må vi også utvikle nye næringar og verdikjeder. Det vert difor ikkje trekt fram spesifikke næringar på regionalt nivå som det skal satsast på. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein 12-årig plan, og vil bli følgt opp med fleirårige handlingsprogram som vert vurdert for rullering årleg.

For å lukkast er det viktig at regionalt kunnskapsmiljø og næringsliv også rettar blikket mot nasjonale og internasjonale satsingar på arbeidsplassar, innovasjonskapasitet og konkurransekraft. Norge er ein stor bidragsytar i Horisont Europa – EU sitt rammeprogram for forsking og innovasjon (2021–2027). For å løysa globale utfordringar og samstundes skapa eit konkurransedyktig næringsliv, kjem det i planperioden tunge satsingar på m.a. helse, digitalisering, klima, energi, mat, bioøkonomi, naturressursar, jordbruk og miljø.



Figur 5. Satsingane i planen

## 3.1 Tema som gjeld alle satsingane

Heile Vestland skal takast i bruk, men innsatsen må ha eit regionalt perspektiv og tilpassast behov i ulike delar i fylket. Nokre tema og arbeidsområde er likevel felles for alle satsingar.

- **Samhandling og møteplassar**  
Vi må legge til rette for innovasjonsnettverk og møteplassar på tvers av bransjar. For å nå måla i planen treng Vestland fylkeskommune partnarar i fylket som bidrar med dei verkemidla dei rår over, og kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Mange utviklingsmiljø og organisasjonar i fylket har stor kompetanse, og unik nærliek til næringsaktørar og ulike geografiske område, og kan tilpasse innsatsen i ulike deler av fylket.
- **Internasjonalisering**  
Vi opererer i ein internasjonal kontekst som set rammevilkår for næringsliv og offentleg sektor i Noreg. Internasjonale avtaler krev utvikling av berekraftige, utsleppsreduserte produkt og tenester. Historisk og kulturelt har Vestland dei beste føresetnad for å lukkast med ei grøn omstilling tilpassa behov i internasjonale marknader. Internasjonalt samarbeid gir oss kunnskap, kompetanse og nettverk i tillegg til finansiering av samarbeidsprosjekt og investeringsmidlar.
- **Kompetanse**  
Tilgang til tilstrekkeleg og rett kompetanse er avgjerande for omstilling og grøn vekst. Vi skal bygge rett kompetanse for framtida, både for eksisterande og nye næringar. Vi skal sikre at innbyggjarane har kompetanse som gjer dei relevante for arbeidsmarkanden og kan ta gode karriereval. Dette må gjerast gjennom eit forpliktande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og offentleg sektor.
- **Felles kunnskapsgrunnlag, analysar og kommunikasjon**  
Gjennomføring av planen må vere kunnskapsbasert. Vi skal samarbeide om å oppdatere analyser, initiere større kunnskaps- og forskingsarbeid og dele kunnskap. Informasjon om måla våre, og resultat av satsingane, skal vere eit felles prosjekt. Dette er avgjerande for å sikre eit breitt eigarskap til utfordringar, moglegheiter og løysingar.
- **Forsking og innovasjon**  
Forsking har ein sentral rolle innovasjonssystemet. Vi skal stimulere næringsliv og offentleg sektor til å nytte forsking i eige utviklings- og innovasjonsprosessar, og som grunnlag for politikk og vegval. Vi skal auke finansiering av forsking gjennom regionale ordningar og få betre utteljing i nasjonale og internasjonale forskings- og innovasjonsordningar. Det er behov for å vidareutvikle og skape nye arenaer for samarbeid om forskingsbasert innovasjon mellom næringsliv, offentleg sektor og forskingsaktørar, særleg i møte med dei utfordringane og moglegheitene Vestland står framfor.
- **Infrastruktur og digitalisering**  
Næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god infrastruktur. Framtidig verdiskaping føreset gode regionale løysingar for transport og kommunikasjon. Vi må sørge for gode transportmoglegheiter for både gods og folk. Vi må ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband, mobilnett og tilgang til elektrisk kraft. Vi må sørge for samordna planlegging og innsats, og regional transportplan og regional plan for fornybar energi, og oppfølginga av dei vil vere viktig for innsatsen innan innovasjon og næring.

- **Teknologi**  
Framtidas tenestebehov krev nye arbeidsmetodar og auka bruk av teknologi. Endra økonomiske rammevilkår krev at offentleg sektor må jobbe smartare, effektivisere, innovere og digitalisere. I næringslivet kan ny teknologi og nye forretningsmodellar leggja til rette for innovasjon. Digitale løysingar kan leggja til rette for betre kunnskapsdeling og nye tenester.
- **Innovasjonsinfrastruktur**  
Det må skapast ein god, regional innovasjonsinfrastruktur. For næringslivet handlar det om meir enn pengar. Kopling opp mot internasjonale kundar, investorar, samarbeidspartnarar og andre nettverk for å bygge forretningsrelasjonar og nettverk er viktige hovudaktivitetar.

## 3.2 Grøn næringsutvikling

### Mål: Næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033

Grøn næringsutvikling betyr at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål. Endringar og innovasjon knytt til grøn næringsutvikling vil skje på ulike måtar:

- Forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester
- Utvikling av ny teknologi, nye produkt og tenester, nye organisasjonsmåtar og nye marknader.
- Etablering av heilt nye verdikjeder.

EU sin grøne vekststrategi – European Green Deal – vil påverka det internasjonale og eksport-retta næringslivet i vårt fylke. Sentrale element blir eit eige klassifiseringssystem (taksonomi) for økonomisk berekraft, standardar og merkeordningar for grøne produkt, og fremjing av investeringar i berekraftige prosjekt.

Paris-avtalen, som Norge har ratifisert, og målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for utviklinga. Grøn næringsutvikling inneber mindre utslepp av klimagassar, særleg CO<sub>2</sub>, mindre forbruk av ikkje-fornybare ressursar, sirkulær økonomi, mindre avfall og forureining, og særleg endringar frå fossile til fornybare energikjelder.

### Forme om næringslivet til ei berekraftig framtid

Verksemder må gjerast klare til å handtere både det å produsere og optimere eksisterande drift, samtidig som dei arbeider med å utvikle nye produkt og nye verdikjeder. EU utformar politikk som påverkar norske bedrifter. Det er viktig å følge denne politikkutforminga tett for å kunne handtere nye reguleringar som kan påverke konkurranseevna til bedriftene, og for å dele informasjon med næringslivet som kan vere avgjerande for vegval. Finansiering frå EU-program blir viktig for bedrifter og FoU-miljø. For å sikre kommersialisering og oppskalering av grøne løysingar er det nødvendig å ha tilgang til gode testfasilitetar og vekstkapital. Det vil også bidra til å få fram ei breidde av nye berekraftige løysingar.

## Grønt næringsliv i heile fylket

I tråd med endringar i næringslivet, må det arbeidast med å vidareutvikle og skape nye arbeidsplassar, som er viktige i ulike delar av fylket. Det må utviklast kompetansemiljø og arbeidsplassar som bevarer, tiltrekker og utviklar kompetanse. Slike miljø vil bidra til å tiltrekke seg bedrifter som kan skape nye arbeidsplassar ved å etablere seg i fylket. Ny næringsutvikling og ny industri må gjerast med ei målsetting om at det skal gjerast utan nye naturinngrep – fortetting rundt eksisterande industriområde kan vere ei løysing.

Framover må det arbeidast kontinuerleg med å identifisere verdikjeder til framtidige næringsmessige spesialiseringar (smart spesialisering). Det må bli enklare for innovative bedrifter å utvikle prototyper, teste, simulere og visualisere, slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. I prosessen frå ide til marknad er det viktig med relevant forsking som kan bidra til auka kunnskapsgrunnlag.

## Lukke eksportgapet

Den forventa nedgangen i olje og gass vil på sikt skape eit eksportgap som må fyllast, dersom vi skal oppretthalde velferdsnivået i Norge. Det blir ein stor utfordring å ta ut større eksport frå eksisterande næringar, utvikle nye eksportnæringar, og samstundes oppretthalde eksportinntekter på dagens nivå.

Eit grep som kan bidra er å granske om eksisterande næringsliv har produkt, tenester og teknologi som kan ha eit uforløyst potensial i internasjonale marknader. Samtidig må det aktivt arbeidast langsiktig med å utvikle eksportnæringar som kan ta posisjonar i nye verdikjeder og framveksande marknader.

Det offentlege kan bidra med å peike på samfunnsutfordringar med forretningsmoglegheiter. Der kan offentleg sektor nytta si innkjøpsmakt til å sikra utvikling av nye, grøne produkt og løysingar som kan eksporterast.

## 3.3 Innovative og inkluderande samfunn

### Mål: Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Det vert eksperimentert for å finne nye løysingar på samfunnsutfordringane. Inkluderande samfunn tek vare på mangfold og motverkar utanforskap. Vestland sine innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga gjennom relevant arbeid i eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv.

Arbeidsplassane våre er del av lokalsamfunn med ulike eigenskapar. Skal vi få attraktive og nyskapande arbeidsplassar i heile fylket krev det gjensidig utvikling av lokalsamfunn, næringsliv og arbeidsplassar. Gode lokalsamfunn må danne ramma for berekraftig verdiskaping.

Vi må i fellesskap identifisere samfunnsutfordringar og næringspotensiale som mange sektorar må samarbeide om for å få løyst. Det krev mot, samspel og kunnskapsdeling på tvers av fylket. Byar og distrikta utviklar seg saman. Vi må sjå ting i samanheng, og få fram kva vi er gode på. Verdiskapinga er avhengig av gode lokalmiljø, sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar, med relevante utdanningstilbod, og ein kultur for innovasjon og medverknad.

Samtidig som Bergen og dei andre byane styrker sin posisjon, må ein sikre at det er tilstrekkeleg med arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket.

## Utvikle berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarknadsregionar

Vi må sikre trygge arbeidsplassar innan berekraftig næring og industri som byggjar på regionane sine fortrinn og ein robust offentleg sektor.

Relevant kompetanse og utdanning, og gode system for livslang læring er avgjerande for å sikre arbeidskraft som tek høgde for skiftande behov i arbeidslivet. Vi må legge til rette for tilgang på fleksible utdanningstilbod i den einskilde bu- og arbeidsmarknadsregion, frå vidaregåande opplæring og fagskule til doktorgrad. Vi må jobbe for å styrke og samle tilbod om karriererettleiing frå skule til arbeidsliv, og legge til rette for å behalde ferdig utdanna i eige fylke.

Det er behov for å etablere felles geografisk regioninndeling på tvers av forvaltningsorgan, som er hensiktsmessig for brukarar av ulike tenester. Infrastruktursatsingar i fylket må bidra til å utvikle større bu- og arbeidsmarknadsregionar.

## Dele og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi

En regional innovasjonsinfrastruktur handlar om gode nettverk, forretningsrelasjonar og lokalisering av fysiske testanlegg, og system der det er lett og naturleg å dele informasjon og kompetanse.

Vi vil legge til rette for informasjonsdeling om kva som skjer innafor aktuelle bransjar og på tvers av bransjar og nivå – mellom næringsaktørane, offentleg sektor, klynger og forsking- og utdanningsinstitusjonar. Alle må kjenne til kva den infrastrukturen kan levere, og korleis ein tar det i bruk. Vi ønskjer plassere ny infrastruktur strategisk med tanke på naturressursar, eksisterande manglar innan infrastruktur, arealbehov og bransjebehov.

Digitale løysingar og oppdatert digital infrastruktur er viktige føresetnader for å nå dette målet.

## Bygge kultur for innovasjon og medverknad

Utvikling av regionen, lokalsamfunn og offentlege tenester krev aktiv og reell involvering av næringsliv, innbyggjarar og brukarar. Fylkeskommunen og statlege aktørar må samhandle med kommunar, lokalsamfunn og frivillige organisasjonar for å løyse komplekse samfunnsutfordringar, og legge til rette for næringsutvikling og det grøne skiftet.

Vi må alle anerkjenne mangfold og inkludering som ein styrke for nærings- og samfunnsutvikling,

Det offentlege må aktivt legg til rette for samskaping og bruk av verktøy for innovasjon, entreprenørskap og medverknad, også gjennom offentlege innkjøp. Vi må hente inspirasjon både nasjonalt og internasjonalt.

## 3.4 Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid.

Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur er også eit sentralt element. Kommunane har gjennom sitt *ansvar for arealforvalting* ei sentral rolle i denne satsinga.

Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal. Fylket har stor produksjon av fornybar elektrisk kraft, men utfordringa er å dra større nytte av krafta i eige fylke. Akvakultur og fiske er viktige næringar, men vi må nytte dei innanfor berekraftige rammer.

Framføring av elektrisk kraft, vindkraft, mineralutvinning, fiskeoppdrett, landbruk, bustadutvikling, vegar og bruver krev tilgang til areal på land og sjø. Dette er krevjande, men viktig for å skape grunnlag for verdiskaping. Fleire stader medfører dette interessekonflikta opp mot jordvern, kulturminne, friluftsinteresser og inngrep i urørt natur. I enkelte område er det knappheit på areal som er tilpassa dei næringane som vert satsa på, andre stader kan eksisterande næringsareal få nyt formål eller fortettast slik at næringsutvikling skjer utan nye naturinngrep.

Den mest plasskrevjande næringa er landbruket, den nasjonale jordvernstrategien set mål for kor mykje landbruksjord som kan omdisponerast per år. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling ser jordvernstrategien som ein sentral indikator for jordvern

Oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget, med vekt på sjø- og fjellareal

Kunnskapsgrunnlaget varierer, og denne planen peikar på at kunnskapen om særleg sjøareal og fjellareal må betrast. Satsing på alternativ energi og mangedobling av havbruksproduksjonen aktualiserer problemstillinga.

### Retningslinje

Ny regional planføresegn med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova :

Overordna retningsliner for arealplanlegging knytt til næringsutvikling er å sikre rett, og nok, næringsareal for arbeidsplassane i Vestland til rett tid.

Sentrale føringar for planlegginga av næringsareal er:

- Rett areal til berekraftig verdiskaping/grøne næringar. At ein har berekraftig areal til akvakultur.
- At planar er oppdaterte, og at planlegginga er kunnskapsbasert
- At det regionalt vert kartlagt viktige areal for næring og viktige område som ikkje skal byggast ut, samtidig som at det vert tatt omsyn til jordvern / vern av landbruksareal.
- Arbeide for meir interkommunal planlegging knytt til næringsareal
- Inkludere næringsaktørar og bedrifter i planlegging av areal til næringsutvikling

## Oppdaterte planar gjennom interkommunale planar eller interkommunalt samarbeid om plankompetanse

Mange kommunar, særleg dei minste, slit med utdatert planverk. Konsekvensen er auka bruk av dispensasjonar. Dette kan løysast ved auka samarbeid kommunane i mellom om sjølve planverket, det vil seie fleire interkommunale arealplanar, eller auka samarbeid om sjølve plankompetansen. Begge deler vil truleg krevje regional medverknad og støtte.

Regional samordning mellom kommunar, regional stat og fylkeskommunen i høve planlegging av næringsareal.

Det er kommunane som er planstyresmakt i arealsaker. Samstundes er det flere utfordringar som kan løysast best gjennom interkommunalt samarbeid. Fylkeskommunen og statlege styresmakter bør ta ei tydeleg rolle som rådgjevar tidleg i planprosessen. Kommunane bør arbeide saman om omfattande planar, og utvikle felles plankompetanse der dette manglar.

Regionale styresmakter kan gi tydelege råd i saker som krev samordning mellom kommunane. Det er behov for å gå inn i prosessane tidleg for å hjelpe kommunane med planarbeidet. Det er også viktig å arbeide med å auke samarbeid mellom kommunar om plankompetanse. Vidare må regionale styresmakter arbeide aktivt med å levere relevant kunnskap innafor sitt ansvarsområde til kommunane for bruk i arealplanar.

Regionale styresmakter må leggje til rette for samordning i høve til næringsareal. Vestland må ha ei differensiert arealforvaltning - det vil vere ulike utfordringar i by og land, kyst og innland, som må takast omsyn til.

Tilgang til næringsareal er basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet

Det er behov for å styrka kopplinga mellom kommunale samfunnsplanar og arealplanar. Det må sikrast at det er sett av areal i arealplanar til den næringsutviklinga det vert lagt opp til. Fylkeskommunen og statsforvaltaren må arbeida saman med kommunane om å halde arealplanar oppdaterte. Ein viktig arealressurs er reetablering i eksisterande handels- og næringsområde, og det å endre arealformål for å tilpasse seg næringsliv i endring. Det er mogleg å utvikle ny industri utan nye naturinngrep, t.d. gjennom reetablering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde.

Det er behov for å samordne planmessig utvikling av areal til næringsutvikling. Ikkje alle kommunar treng alle typar areal, Innafor bu- og arbeidsmarknadsregionar bør dette samordnast. Det må arbeidast med å få næringslivet til å delta aktivt i planprosessane.

Utarbeide rammer for rekkefølgjekrav i samband med utarbeiding av næringsareal

Det er utifrå eit samfunnsperspektiv behov for å arbeide med gode prinsipp for utarbeiding av gode rekkefølgjekrav, for at desse skal framstå som rimelege. Det er viktig å vekte interessene til utbyggjar på like line med andre interesser

Det vert arbeidd med å optimalisere tidsbruk i planlegginga

Næringslivet vert i 2033 opplevd som aktive i planarbeid, også på område som ikkje berre gjeld eiga verksemd. Næringsorganisasjonane får ei rolle i planlegging av næringsareal. Det vert arbeidd med å optimalisere tidsbruk i planlegginga. Eit viktig tiltak er å gi tiltakshavar kunnskap om lovkrav i planleggingsprosessen for å avstemme forventningane mot realistisk tidsbruk.

# 4 Frå plan til handling

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein 12-årig plan. Planen er styrande for arbeidet i partnarskapen for innovasjon og næring i Vestland fylke. Styringsgruppe for planen er Næringsforum Vestland. Prioriteringane i planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar.

## 4.1 Handlingsprogram og årsplanar

Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv. Vi skal gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden. Planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar. Trong for å rullere handlingsprogrammet blir vurdert årleg i tråd med plan og bygningslova.

Eit fireårig handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnarskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå målsettingane. Det viktigaste føremålet med ein fireårig handlingsprogram er:

- konkretisere satsingane og måla i planen,
- å kombinere ulike verkemiddel
- å identifisere kunnskapsbehov og forskingsinnsats
- å fordele oppgåver i partnarskapen
- å legge grunnlag for oppdrag til operativt ansvarlege
- å gi eit klarare bilet av kva vi skal ha oppnådd slutten av ein programperiode

### Årsplanar

Gjennom årlege handlingsplanar sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen. Denne planen skildrar aktivitet som går utover den enkelte aktør sitt budsjett. Samarbeidet om å nå måla vert viktig. Gjennom årlege handlingsplanar og oppfølging i budsjett og økonomiplan sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen.

## 4.2 Samarbeid og forpliktande partnarskap

Den regionale planen skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, jamfør Plan og Bygningslova § 8-2. Planen forpliktar partnarane som har ansvar for innhald og oppfølging av planen. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har ansvar for leiing og koordinering, og dei andre partane skal vere likeverdige aktørar i oppfølging av planen. Partnarskap skal vere styringsform i oppfølging av planen. Alle deltagarane må ta ressursar inn i arbeidet. Partnarskapen skal jobbe saman om oppfølging av planen, utvikling av handlingsprogram og andre større vedtak. Partnarskap er forpliktande og blir regulert av ein partnarskapsavtale eller gjennom mandat for arbeidet.

Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar knytt til oppfølging av planen er sentrale prinsipp i oppfølginga.

Det er Vestland fylkeskommune som planmyndighet, ved fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling, sitt ansvar å koordinera arbeidet. Næringsforum Vestland har ein sentral rolle og skal sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til næringsutvikling i fylket, her under samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

## 4.3 Verktøy og verkemiddel

For å nå måla i planen er verktøy og verkemiddel viktig. Utan verktøy og verkemiddel kan ingen av måla nåast, eller satsingar gjennomførast. Verktøy og verkemiddel er ikkje statiske. Nye kjem til, og andre vert tatt bort. Ei «komplett oversikt» vil difor ha avgrensa relevans i eit langsiktig og overordna planperspektiv.

For å betre kunne nytte, utvikle og samordne innsats i gjennomføring av planen må vi ha god oversikt over kva innovasjons- og utviklingsverkemiddel vi har, korleis dei kan nyttast eller utviklast og kva nye verktøy verkemiddel vi treng. Bruk av verkemiddel må vere dynamisk og basert på behov. Vi har identifisert ulike typar verkemiddel

- Økonomiske verktøy og verkemiddel
- Politiske verktøy og verkemiddel
- Forvaltningsmessige verktøy og verkemiddel
- Juridiske verktøy og verkemiddel
- Samarbeidsverktøy, forsking/kunnskap/FOU

Når det skal lagast handlingsplanar er val av verkemiddel sentralt. I arbeid med å gjennomføra planen vil ein nytte samansette verkemiddel eller verktøypakker, meir enn bestemte enkelt verktøy. Å realisere konkrete vedtekne målsettingar er komplekst og krev gjennomarbeida verktøy og verkemiddelløysingar. Det må vurderast korleis kan nytte ulike internasjonale, nasjonale og regionale verkemiddel strategisk til å nå måla i planen. Korleis kan vi nytte eigne verkemiddel som til dømes oppdragsbrev og tilsegn. Og identifisere om det er behov for nye verktøy.

## 4.4 Verknad for miljø og samfunn

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 er heimla i Plan- og bygningslova (Pbl). I Pbl. § 1-1. Lovens formål kjem det tydeleg fram at pbl. skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Alle tre dimensjonar av berekraft skal dekkast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling, både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Med tema innovasjon og næringsutvikling er økonomisk berekraftsmål særleg viktige. Planen har også ein grøn, miljømessig dimensjon gjennom at den økonomiske utviklinga skal bidra til å stoppe klimaendringane, og vere pådrivar for nullutslepp. Den sosiale berekrafta er viktig for at arbeidet med innovative og inkluderande lokalsamfunnsamfunn skal få den utviklinga som er ønskt i alle deler av fylket. Planen vil difor både påverke lokalsamfunn og næringslivet til å bidra til ei positiv miljøutvikling. Planen vil også påverke samfunn og lokalmiljø, Den vil arbeide for at heile fylket skal takast i bruk, og saumlaus samarbeid mellom lokalsamfunn, bedrifter og kunnskapsmiljø.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inneheld overordna retningsliner knytt til areal for næringsutvikling. Desse vil bli nytta i samband med utvikling av næringsareal. Retningslinjene gir ikkje bindingar, og gir ikkje klare rammer for utbygging. Dei er overordna og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

## 4.5 Avgrensing og kopling til andre planar

Det har vore ei målsetjing å avgrense talet på planar, både regionale planar, men også tema- og strategiplanar. Ei forenkling og samordning av plansystemet vil tene to formål – ei meir heilskapleg planlegging der ein ser samfunnsplanlegginga i samanheng, samt at det blir lettare for både kommunane, regional stat, fylkeskommunen og årmenta å forhalda seg til færre planar.

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det lagt føringar for at denne planen skal sjåast i samanheng andre regionale planar, som t.d. regional klimaplan, regional plan for senterstruktur, regional plan for kompetanse, regional transportplan og regional plan for fornybar energi. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein av dei fyrste som vert utvikla, og vi ser eit klart behov for samarbeid og koordinering mellom planer både i planfasen og i gjennomføringsfasen.

I utviklingsplanen og i planprogrammet er det peika på ei rekke temaplanar og strategiar som skulle innarbeidast i Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næring.

- Strategi for grøn omstilling i Hordaland
- Hydrogenstrategi
- Strategi for biogass
- Strategi for nullutsleppstransport i Vestland
- Forskningsstrategi for Hordaland
- Temaplan for landbruk i Hordaland
- Temaplanar for reiseliv
- Industristrategi for Sogn og Fjordane
- Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020
- Strategi for datasenter og digital infrastruktur

Planane er innarbeida i satsingane i den regionale planen. Innhaldet vil bli tydelegare i det første fireårige handlingsprogrammet. Sjølv om ein skal ha minst mogleg planar og ei samordning av plansystemet, så kan det bli trond for eigne temaplanar og strategiar. Dette blir vurdert i samband med utarbeiding av handlingsprogram.

I møte 29. oktober, i sak 134/2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

*Vestland fylkesting vil i oppfylginga av utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke legge stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane. Fylkestinget vil arbeide for gode rammevilkår for industri som er basert på fornybar energi og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.*

Med ei målsetting om berekraftig verdiskaping, vert industrien og industrikommunane viktige samarbeidspartar. Vidare er fornybar energi tatt fram som ein nøkkel for arbeidet i planperioden. Også denne satsinga blir meir konkretisert i samband utarbeiding av handlingsprogram.

## 4.6 Resultatmåling og evaluering

Saman med handlingsprogram og årsplanar vil det bli utarbeidd meir konkrete mål og strategiar for satsingane. Det skal også utarbeidast eit indikatorsystem for å overvake utvikling i fylket, og evaluere om tiltaka som bli sett i verk fører til effektiv verkemiddelbruk og måloppnåing.

Indikatorsystemet skal ha tre nivå:

- Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske eininger på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.
- Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.
- Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Det skal lagast eit dynamisk framstilling som viser utviklinga på dei tre nivåa.

# Definisjonar /Ordliste

Omgrep	Forklaring
<b>Berekraft /Berekraftig utvikling</b>	Berekraftig utvikling er utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar sine mogleheter til å tilfredsstille sine behov. For å skape berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre område: Klima og miljø - Økonomi - Sosiale forhold
<b>Berekraftsmål</b>	FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030
<b>Entreprenørielle oppdagelsesprosesser</b>	Prosess for å finne fram til måtar å vidareutvikle spesialiseringane blir kalla entreprenørielle oppdagingsprosesser. De tar utgangspunkt i at ingen aktørar alene ser alle moglege videre utviklingsveier. Men når bedrifter, forskrarar og andre aktørar får tilgang til kunnskap som er forskjellig frå deira eigen, men ikkje så forskjellig at de er ute av stand til å forstå eller bruke den, akar sjansane for innovasjon.
<b>European Green Deal</b>	EU sin grøne vekststrategi – <a href="#">European Green Deal</a> – legg opp til klima- og miljøpolitikk som går på tvers av politikkområde. Målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for innhaldet i strategien. Stikkorda er meir berekraftig og sirkulær økonomisk utvikling med mindre forureining og lågare klimagassutslepp, betre helse, auka livskvalitet og nye arbeidsplassar. Strategien vektlegg eit breitt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og regionar. Ambisjonen er at EU skal være første klimanøytrale kontinent i 2050, og at ein klarer 55 % reduksjon i klimagassutslepp til 55 % (frå 1990) i 2030.
<b>Grøn vekst</b>	Auka verdiskaping med mindre samla miljøbelastning. Ofte sett i motsetning til konvensjonell, «brun» vekst. Som kan definerast som auka verdiskaping der samla miljøbelastning aukar på tross av auka produktivitetsvekst. Her spiser volumet på veksten opp gevinsten av forbetingane. Døme sjølv om kvar bil har fått litt betre motor, køyrer fleire biler meir, slik at totale utslepp likevel går opp. ( <a href="#">Per Espent Stoknes, BI</a> )
<b>Grøn konkurranseskraft</b>	For næringslivet er grøn konkurranseskraft evna til å konkurrere globalt i ei tid der sterke verkemiddel vert tatt i bruk for å nå politiske klima- og miljømål. For å bli eit lågutsleppssamfunn må verda ta i bruk nye og sterke verkemiddel i klimapolitikken, enn det ein er van med. Dette føreset også Parisavtalen. Elektrisitetsproduksjon og oppvarming må gradvis bli lagt om til nullutsleppsløysingar, transportmiddel må bli tilnærma utsleppsfree, industriens prosessutslepp må bringes kraftig ned, jordbruksutslepp reduserast og opptak av klimagassar i skog og landareal aukast. Dette vil endre rammene for næringslivet i alle land. Ny teknologi må utviklast og tas i bruk. Samtidig vil etterspørselen vris mot nye

	<p>varer og tenester. For å takle omstillinga må næringslivet kunne dekke sine kostnader, inklusive klima- og miljøkostnader, med de prisene det kan oppnå for sine varer og tenester (<a href="#">regjeringa sin strategi for grøn konkurranseskraft</a>)</p>
<b>Grøn næringsutvikling</b>	<p>Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.</p>
<b>Innovasjon</b>	<p>Det finnes ulike definisjonar på innovasjon. Dei er ikkje i konflikt med kvarandre men bringer gjerne fram ulike dimensjonar i kva omgrepet skal dekke. Vi trekker fram to definisjonar her:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• «Innovasjon er å fornye eller lage noko nytt som skaper verdi for verksemd, samfunn eller innbyggjarar. Forma er eksperimenterande og løysinga er ikkje kjent på førehand.» (Difi)</li> <li>• «Nytt, nyttig, nyttiggjort. Innovasjon er noko nytt og nyttig som er tatt i bruk og skaper verdi» (KS)</li> </ul>
<b>Klimanøytral</b>	<p>EU definerer klimanøytralitet som utslepp fråtrekt opptak. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgande mål om å kutte CO2-utslepp og andre sterke klimagassar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Visjonen om nullutslepp inneber eit mål om null fossile utslepp og at fossile drivstoff fasast ut av forbrenningsmotor.</li> <li>• Andre sterke klimagassar enn CO2, som til dømes metan og lystgass, skal tolkast inn i definisjonen.</li> <li>• Reduksjon av naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel skal ikkje tolkast inn i definisjonen. Desse vil ikkje vere mogleg å redusere til null.</li> <li>• Dersom utsleppa ikkje er råd å redusere, anbefaler vi aktørane til å sette ut (offset) ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen.</li> <li>• Planen anbefaler at for at fylket skal kunne styre etter utsleppsmål, må naturleg karbonfangst og karbonfangst og -lagring (CCS) og -bruk (CCU) definera inn og reknast som negative utslepp i klimarekneskapen. Det må avklarast korleis opptak av CO2 frå store nasjonale satsingar innan CCS skal kvantifiserast i fylka sine klimarekneskap.</li> </ul>
<b>Parisavtalen</b>	<p>Parisavtala er ei internasjonal avtale om <a href="#">klimapolitikk</a>. Den vart vedteken som ei <a href="#">juridisk</a> forpliktande avtale på klimatoppmøtet i <a href="#">Paris</a> 12. desember 2015. Praktisk talt alle FN sine medlemsland har sluttar seg til avtala. Formålet med avtala er å «<i>styrke den globale responsen på trusselen som klimaendringene utgjør</i>». Avtalen etablerer eit mål om å avgrense temperaturauken på jorda til «godt under» 2 °C, og helst til 1,5 °C.</p>
<b>Smart spesialisering</b>	<p>Alle regionar har særeigne moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Både regjeringa, OECD og EU anbefaler å utnytte disse forskjellane og skreddarsy politikken til kvar region. Smart spesialisering er en metode for å få det til.</p>
<b>Taksonomi</b>	<p>EU skal innføre eit klassifiseringssystem (taksonomi) for berekraftig økonomisk aktivitet. Det er truleg EØS-relevant, men er foreløpig ikkje tatt inn i EØS-avtala. Taksonomien vil danne grunnlaget for europeiske standardar og merkeordningar for finansielle instrument og produkt. For at</p>

en økonomisk aktivitet skal reknast som berekraftig må den bidra vesentleg til å oppnå minst eitt av seks definerte miljømål:

- Reduksjon av klimaendringar.
- Klimatilpassing.
- Berekraftig bruk og vern av vatn- og marine ressursar.
- Omstilling til ein sirkulærøkonomi, avfallsforebygging og gjenvinning.
- Førebygging og kontroll av ureining.
- Vern av artsmangfald og sunne økosystem.

vestlandfylke.no